

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

“Tillegg

Punkt 1 etter "følgjande endringer:" - reguleringssaker og høyringsinnspel etter plan og bygningslova der Vestland er høyringspart, skal innom hovudutval for næring, eventuelt hovudutval for kultur før endeleg vedtak i fylkesutvalet. Saker som omhandler natur , naturvern, landskapsvern, kulturlandskapsvern er viktige politikkkfelt i fylket, og vert styrka av at den politiske handsaminga går innom eitt utval før endeleg vedtak i fylkesutvalet.”

Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag:

“Tillegg

Det må arbeidast vidare med rutiner som sikrar at medverknadsorgana sin uttalerett vert reelt ivareteken inn mot utvala / fylkesting.”

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Hammer sitt forslag fekk 5 røyster (FNB, SV, MDG, V) og fall.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek revidert reglement for folkevalde organ og delegering som vedlagt, med følgjande endringar:

2. Fylkestinget sluttar seg til tilrådingane som går fram av saksframlegget.

3. Arbeidsutvalet held fram med sitt arbeid, med dei same medlemene. Neste større revidering av reglement for folkevalde organ og delegering skjer i fylkestinget i mars 2021.

Det må arbeidast vidare med rutinar som sikrar at medverknadsorgana sin uttalerett vert reelt ivareteken inn mot utvala / fylkesting.